



Open Top Sightseeing Norway AS
v/Vår Na-Ji Grytbakk
Stubben 3

Dato: 08.06.2015
Vår ref.: 2015/981-14
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

2020 SKEDSMOKORSET

Ruteløye for sightseeingbuss i Bergen - påminning om løyvevilkår

Vi viser til oversendt ruteløyvedokument nr 1206 1140 av 03.05.13 i samband med politisk vedtak om tildeling av ruteløye for sightseeingrute i Bergen sentrum, og vårt brev av 24.02.15.

På ruteløyvedokumentet står det som kjent oppført m.a følgjande **vilkår** for ruteløyet, vedteke av løyvemyndigheten Hordaland fylkesutval:

Ruteløye gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skilteforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstiging må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

Vi har kvart år sidan de tok til å nytte ruteløyet fått meldingar frå Bergen kommune og Skyss om at de nyttar haldeplassen i Christies gate ved Festplassen til anna enn snøgg av- og påstiging. Dette m.a ved å parkere i opptil 25 minutt for å selje billetter utanfor bussane og eventuelt regulere avgangar, med den følge at tilgjenge for offentlege rutebussar vert sterkt redusert slik at det oppstår køar og trafikkfarlege og uoversiktlige situasjonar. Det føreligg dokumentasjon på dette. Ein slik praksis er ikkje godkjent av fylkeskommunen.

På grunnlag av forannemnde blei det seinast i vårt brev av 24.02.15 gjeve følgjande påminning:

Vi nyttar høvet til å minne om at det berre er høve til snøgg av- og påstiging ved haldeplassane langs ruta. Det er særst stort press på haldeplassane i Bergen sentrum. Det er difor viktig at denne regelen vert halden.

Vi har i løpet av våren/forsommaren motteke nye meldingar frå Bergen kommune og Skyss om at de framleis nyttar haldeplassen i Christies gate ved Festplassen til anna enn snøgg av- og påstiging. Denne praksisen er framleis ikkje godkjent av fylkeskommunen.

Vi gjer merksam på at vi med heimel i yrkestransportforskrifta § 5 kan endre vilkåra for løyvet. Dersom ikkje praksisen med lengre stopp i Christies gate opphøyrer, vil vi vurdere å endre løyvevilkåra med omsyn til stopp i denne gata.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.